

Årsmelding kyrkjemusikalsk verksemd i Jondal sokn 2020			
Oppsettet har mal etter kyrkjemusikkplanen i Jondal sokn			
1. Innleiing med hovudmål			
Saman vil vi ære Den treeinige Gud			
	ved å feire Guds nærver i ord og sakrament, med bøn og lovsong		
	ved å fremje salmesong, liturgi og kyrkjemusikk i kyrkjelyden vår		
	ved at kyrkjemusikken inviterer til refleksjon kring kristen tru, både ved å styrke og å utfordre		
	ved at kyrkjemusikken i gudstenester, kyrkjelege handlingar og konsertar med meir tilfører relasjonane mellom Gud og menneske ein kunstnarleg estetisk dimensjon		
2. Gudstenester og kyrkjelege handlingar			
*	Gudstenester - sjå hovudstatistikken for antal		
	0 Friluftsgudstenester 2020, i Herand bedehus istaden 12/7		
	2 Folkemusikkmesse frå Hardanger, 21/6 og 27/9		
	0 Pilegrimstur m/4 tidebøner - NB! Utsett til 2021 grunna pandemien		
*	Kyrkjelege handlingar- sjå hovudstatistikken		
	30 Tidebøner. Morgonsong (Laudes) kvar tirsdagsmorgon i skuleåret, kl.08.30. (Tidlegare på morgonen dersom fellesmøte til dømes i Ukf) På våren, 15 opne på vår og 15 på haust. Berre dei vekene som var ope for kyrkjelyden, er med i talet.		
	0 Gudstenesteverkstad/ liturgikveldar utanom trusopplæringsprosjekt		
3. Korverksemd			
	Jondal babysong		
	14 medlemmer (7 born/ 7 vaksne)		
	6 samlingar vår. Det var lagt opp til 9 samlingar, men nokon gjekk ut grunna pandemien.		
	2 digitale babysongar lagt ut på video via jondalkyrkje.no si nettside kring påsketider -20 Mellom anna grunna pandemien, var det ikkje babysong hausten 2020.		
	Årsrapport Jondal babysong 2020 sendt til Ung kyrkjesong		

0	Familiekorprosjekt , dette prosjektet var omgjort i kvardagsskule halvvegs utpå våren 2019.
	Grunna pandemi og ressursar var det ikkje samlingar i 2020
1	Prosjektkor tårnagent . 1-2 februar 2020. Laurdagen frå kl. 09.30- 12.30. Og søndagen møtte dei i kyrkja kl. 09.30- og var med som tårnagentkor og medliturgar på gudstenesta. Kantor leia gudstenesteverkstaden og var med på heile opplegget.
0	Prosjektkor LysVaken , skulle vere 14-15.november, men vart utsett til 2021, då det grunna nasjonal nedstenging, covid.
	Solstråla kl.1-4 øvde i kulturskulen tysdagar 12.45-13.45 året 2020
15	betalande medlemmer
32	vanlege øvingar
3	digitale øvingar, grunna pandemien, og nokre øvingar måtte gå ut av same grunn.
16	arrangement/ små opptrekk; Songstund på Vikevollen 9/1, 40års-jubileumskonsert 25/1, Tårnagentgudsteneste 2/2, Songstund på Vikevollen 3/3, Minikonsert for barnehagen 3/3, Video-opptak for 17.mai 5/5, Songstund på Vikevollen og minikonsert for barnehagen (utandørs) 9/6, Kyrkjespel 27/8, Hausttakkefest 18/10, Kulturskulekonsert 26/11, Ljosmesse 29/11, Minijulekonsert på Vikevollen og minijulekonsert for barnehagen (utandørs) 8/12, Blåtur med songstopp utanfor Blomakroken, Coop og kring julegrana 15/12, Julaftagudsteneste 24/12
1	40-års jubileumskonsert, 25.januar 2020 Barnekoret Solstråla vart stifta i 1979, og feira 1979- 2019 +
	Barnekoret treng løna eller friviljug ressurs i tillegg til dirigent i samband med aktiviteten !!
	Årsrapport Solstråla 2020 sendt til Ung Kyrkjesong
	Jondal Ungdomskor var i 2020 konfirmantgruppene V20 og H20
22	betalande medlemmer
	Tidebøn, liturgi/ salmar på dei fleste konfirmantsamlingane, nokon reine korøvingar. Kursrapportar sendt til Norsk Musikkråd
13	undervisingstimar fordelt på 6-7 samlingar. Opplegget vart mykje redusert og endra både vår- og haust grunna pandemien.
1	digital øvingsvideo til kyrkjespellet, grunna alle timane vi mista, til sommarøving :)
3	arrangement, Kyrkjespel, Konfirmasjon og Ljosmessa
	Årsrapport Jondal Ungdomskor 2020 er sendt til Ung kyrkjesong
	Jondal Grendakor

	12	betalande medlemmer	
	24	øvingar. Etter nedstenginga 12/3 grunna pandemien, var koret berre samla i samband innspeling av videogudsteneste for 17.mai. Resten av vårsemesteret gjekk ut. Og på hausten fekk vi ny nedstenging i november, som gav nye endringar.	
	12	arrangement; Nyårskonsert 18/1, Jubileumskonsert 25/1, Gudsteneste 8/3, Video-opptak for 17.mai 5/5, Kyrkjespel 27/8, Folkemusikkmesse 27/9, Streama salmekveld 27/10, Helgemesse med minnedel 1/11, Konsert med Brødrene Nordstrand 5/12, Adventskonsert 13/12, Streama songstund for Vikevollen 15/12, Høgtidsgudsteneste 1.juledag 25/11	
		Jondal Grendakor er medlemmar i Norges Kirkesangforbund	
		Forsongarteneste - stort sett ivareteke av korgruppene i 2020	
		4. Samarbeid heim/ barnehage/ skule/ kulturskule/ musikklivet elles/ kyrkja	
	0	Førjulsgudsteneste for skule og barnehage, avlyst grunna pandemi	
	1	Krybbevandring for 4-5 åringane 17/12 kl.09.30	
		Utsett Kyrkjeorgeltime for 1-2.kl. Utsett grunna pandemi.	
		Utsett Salmetimar med 4.kl. Utsett grunna pandemi.	
		Utsett Salmetime ungdomsskulen jamfør førjulsgudstenesta, grunna pandemien	
		Utsett Kyrkjemusikktimar 7.kl. Utsett grunna pandemi.	
		Utsett Kyrkjemusikktimar 9. el- 10 kl. Utsett grunna pandemi.	
		Orgelundervising	
	0	elev via kyrkja i 2020	
	0	elevar via kulturskule. Pianoelevane får tilbod om 1 eller fleire undervisingstimar på orgel i løpet av skuleåret,	
		Musikarteneste	
	3	arrangement der korps deltok; 17.mai-video 4/5, adventskonsert 13/12, julafta 24/12	
	7	Musikarar ved pasjonskveld (dugnad), kyrkjespel (2 løna), konfirmasjon (1 løna), 2 folkemusikkmesser (3 løna)	
		5. Institusjon	
	6	salmestunder. I samband med dei 20 andaktene kantor deltok på på Vikevollen 2020, var nokon utan prest- og kantor hadde	

	då salmestund istaden for andakt.
*	Digitale overføringar. Vikevollen får vere med på alle gudstenester og salmekveldar frå Jondal kyrkje via linken https://jondal kyrkje.vossaskyen.no Kyrkjelege handlingar og konsertar kan dei følgje via same link, dersom dette er avtalt.
1	vitjing av Jondal Babysong på vår, før pandemien.
1	digital vitjing frå Jondal Grendakor 15/12. Den vanlege songstunda før jul vart streama frå kyrkja grunna at pandemien gjorde institusjonsbesøk vanskeleg.
4	vitjingar av barnekoret, derav dei 3 siste utandørs- med opne vindauge inn til peisestova der bebruarane sat som publikum i trygg avstand frå vår og vind.
*	(I kulturskuleregi har Vikevollen hatt ein halv times Syng med oss annakvar veke, Syngande kommune-prosjektet)
6. Konsertar	
1	40års-jubileumskonsert for barnekoret Solstråla 25/1
1	Digital pasjonskveld, tilgjengeleg frå langfredag
1	Julekonsert med Brødrene Nordstrand og Jondal Grendakor (arr: JG)
1	Adventskonsert, den tradisjonelle 3.søndag i advent (arr: JG og JS)
0	Sommarkonsert i Hardanger Kulturgalleri med Jondal Grendakor, korps og UK. Utsett til 2021 grunna pandemien.
4	Lunsjkonsertar v/kantor (NB!Lunsjkonsertane i planlagd ferie for kantor, utgjekk grunna pandemien, likeså sommarkonsertar)
1	Juletonar frå orgelgalleriet, vesle vesle julafta
1	kyrkjespel, Deg å få skode, 27.august v/konfirmantar, kor og musikarar
10	Salmekveldar, 6 på vår- derav 2 berre digitale grunna pandemien/ 4 på haust, derav 1 med Jondal Grendakor 27/10 og 1 berre digital grunna pandemien.
7. Instrument og bemanning	
75 %	kantorressurs i Jondal sokn ca ut januar 2020
60 %	kantorressurs i Jondal sokn frå ca.februar og vidare. Kantor hadde permisjon frå 15% av stillinga si i skuleåret 19/20, men måtte seie frå seg denne stillingsprosenten i byrjinga av året/ ny organisasjon.
*	15% redusert stilling medfører at fellesrådet/ soknet gjerne må finne andre løna ressursar, kjøpe tenester eller finne friviljuge til å halde kontinuitet i noko av det som har vore kantors ansvar jamfør born- og unge, dersom dette skal vidareførast. Barnekoret Solstråla kjøper no sjølve dirigenttenesta frå Ullensvang kulturskule. Dette får Solstråla stønad til

		frå koreigar Jondal sokn. Soknet bør søkje fellesrådet om stønad til korarbeidet. Det er ei bøn til fellesrådet at dei
		15 stillingsprosentane kantorstillinga vart redusert med, framleis vert nytta til kyrkjemusikalsk aktivitet både i Jondal sokn og
		i fellesrådsområdet elles.
0		Vedlikehald av orgel 2020. Sist orgelstemming 10.september 2019. Orgeltilsyn for Jondal kyrkje vert utført av
		Dietrich Johannes Buder Orgelverksted, Bergen. Orgelstemming og tilsyn har vore gjort kvart andre år, og nytt tilsyn bør skje
		i 2021. Det er ønskeleg med 1 stemming pr. år, så om det er mogeleg å oppjustere til årleg tilsyn og stemming, er det fint.
		Orgelet er eit Bruno Christensen & Sønner 1988, med 26 stemmer. Vi hadde ein stor reparasjon av orgelet i 2015, der
		mellom anna samtlege stemmer fekk nye sløyfer (av eit stoff som ikkje krympar) og større avstand frå sløyfe til pipestokk.
		Reparasjonen vart utført av Jan Mou som overtok orgeltilsynet etter Bruno Christenesen i 2008. Mou hadde tilsynet i Jondal
		fram til han avslutta orgelføretaket sitt i 2016.
1		Pianostemming- utsett til desember grunna pandemien. Stemminga var ved Per Klaver i 2020.
		Pianoet er eit Grotrian-Steinweg 122, eit konsertpiano, som bør stemmast minst 2 gongar pr. år. Pianoet vart kjøpt i 1982 (?)
		via George Silver/ Bergen Pianoforretning, og Silver hadde fast tilsyn med instrumentet fram til han brått gjekk bort i 2001.
		Våren 2018 (?) vart pianoet reparert og omintonert av Bergen Pianoforretning.
*		Harmoniumet tilhøyrer Agnes Hauge. Det kan berre stemmast på kyrkja si rekning, dersom Jondal sokn får langtidskontrakt,
		og dersom det vert løyvd midlar eller soknet har slike midlar. Det er eit ønske om stemming opp til 442 Hz grunna samspel
		med folkemusikkinstrument ved folkemusikkmessene og grunna andre samspelsettingar.
		Budsjettarbeid
		Søknadsarbeid.
		Rapportarbeid
		PR-arbeid
		Arbeid med digitale alternativ mellom anna grunna pandemien jamfør arrangement, undervisning og ny permanent løysing
		for institusjon.
		Jondal sokn, 28.mai 2021
		v/Anne Karin Stormyr, kontor